

STAD: FØRDE SENTRALSJUKEHUS, MØTEROM PATOLOGI LILLE + UNDERVISNING 2. ETG.  
MØTETIDSPUNKT: 7. SEPTEMBER 2016 kl. 1145 – 1530

**DELTAKARAR FRÅ STYRET**

Terje Vareberg	Styreleiar
Lise Reinertsen	Nestleiar
Tone Berentsen Steinsvåg	Medlem
Ohene Aboagye	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Bente Pilskog	Medlem
Tom Guldhav	Medlem
Lise Strømme	Medlem

**FORFALL FRÅ STYRET**

**DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Herlof Nilssen, administrerande direktør  
Baard-Christian Schem, fagdirektør  
Per Karlsen, økonomi og finansdirektør  
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør  
Ivar Eriksen, eigardirektør  
Torunn Nilsen, styresekretær  
Bård Humberstet, leiar internrevisjon

---

**Sak 087/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**Oppsummering**

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

**Forfall:**

Det var ikkje meldt om forfall til møtet.

**Dokument som var ettersendt/delt ut i møtet:**

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møtet:

- Tidsplan for styremøtet

**Saker til eventuelt :**

Følgjande saker blei meldt til eventuelt:

- Varslingsrutinar ved infeksjonar i sjukehus
- Framdrift for avgjerd om etablering av protonsentor
- Framdrift for vurdering om ny organisering av sjukehusapoteka
- Verksemdsoverdraging av tilsette frå Helse Vest Innkjøp HF til Sykehusinnkjøp HF
- Deltaking på Helse 2030 storsamlingane

**Vedtak (samrøystes)**

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

**Sak 088/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 20.06. 2016**

**Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjente og underteikna protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 20. juni 2016.

**Sak 089/16 Administrerande direktør si orientering**

**1. Rapportering tilsynssaker**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

**2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

**3. Oversikt over aktuelle høyringar**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

**4. Møteplan 2017 – Styremøte i Haugesund 4. april**

Styret slutta seg til følgjande endring i møteplanen for 2017.

Fellesmøte og synfaring med styret i Helse Fonna HF blei lagt til 3. april kl. 1630 i

Haugesund, dagen før styremøtet i Helse Vest RHF 4. april. Det blir felles middag med begge styra etter synfaringa.

**Vedtak (samrøystes)**

Styret tok meldingane til orientering.

**Sak 090/16 Rapportering frå verksemda per juli 2016**

**Oppsummering**

Ventetidsutviklinga per juli 2016 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 50 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden var 63 dagar. Ventande pasientar utan prioritet finn ein i hovudsak innan somatikken. Totalt var 1,6 prosent av dei som framleis venta ved utgangen av juli pasientar utan prioritet (ned frå 5,2 % ved utgangen av april).

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er høgare enn per juli 2015 for poliklinisk behandling, og om lag på same nivå for innlagde døgnpasientar. Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for barn syner ein låg vekst i talet genererte liggedøgn og eit litt lågare poliklinisk aktivitetsnivå enn i 2015. Innan psykisk helsevern for vaksne er det vekst i talet utskrivne og høgare poliklinisk aktivitet.

Prosentdelen fristbrot for behandla var 1,7 % i juli 2016. Når det gjeld korridorpasientar har tala vore positive i sommar, og delen på korridor var på eit lågt nivå i juli. Det samla talet på langtidsventande (1 år+) i regionen held seg framleis på eit rimeleg lågt nivå. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 86 % innan somatikken og 84 % innan psykisk helsevern i juli 2016.

Per juli 2016 var det samla sjukefråværet på 6,4 % og sjukemeldt fråvær på 5,7 %. Per juli 2015 var det samla sjukefråværet på 6,7 % og sjukemeldt fråvær på 5,9 %. Samla sjukefråvær er 0,3 % lågare for juli 2016 enn for juli 2015. Det er mindre sjukefråværsdagar og moglege dagsverk i juli 2016 enn juli 2015. Relativt sett er det likevel ein god utvikling i sjukefråværet frå juli 2015 til juli 2016. Per juli 2016 hadde 66,05 % av einingane i føretaksgruppa eit totalt sjukefråvær under 5,5 %, og 65,50 % av einingane hadde eit sjukemeldt fråvær under 4,5 %.

Sidan desember 2010 har 5 889 medarbeidarar fått høgare stillingsprosent i Helse Vest. Samanlikna med desember 2010 har 3 888 fleire medarbeidarar fått 100 % stilling og 2 001 har fått høgare stillingsprosent. Ved utgangen av juli 2016 er den korrigererte gjennomsnittlege stillingsprosenten 90,12 %.

Det økonomiske resultatet i juni er kr 90 mill. som er kr 31,8 mill. betre enn budsjettert. I juli er resultatet kr 96,7 mill. som er kr 4,6 mill. betre enn budsjettert. Akkumulert resultat er kr 435,3 mill. som er kr. 51 mill. betre enn budsjettert. Føretaksgruppa leverer ei samla prognose som er kr 219 mill. høgare enn resultatkravet.

Helse Stavanger har eit akkumulert budsjettavvik på tilnærma kr 40 mill. og eit faktisk resultat etter juli månad på 7,4 mill. kr. Det er også negative budsjettavvik i juni og juli, men avvika er noko lågare enn trenden dei tidlegare månadane. Helse Stavanger arbeidar systematisk med fleire tiltak for å redusere budsjettavviket.

Helse Førde har dei siste månadane hatt ei negativ resultatutvikling, som har forsterka seg ytterlegare i juli månad. Hittil utgjør akkumulert budsjettavvik kr 10 mill. Hovudårsaka til avviket i juli er lågare aktivitet samstundes som bemanningskostnadane er høgare enn budsjettert. Det er viktig at Helse Førde no tar grep for å hente inn igjen den negative resultatutviklinga.

Samla investeringar per juli er på kr 915 mill. Dette utgjør om lag 54 % av budsjettert investeringsnivå i 2016. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vere tilfredsstillande.

For føretaksgruppa Helse Vest er det registrert 2 177 artiklar andre kvartal 2016. Dette er litt lågare enn første kvartal, kor det var registrert 2 335 artiklar. Artiklane registrerte i andre kvartal har likevel større rekkevidde, 248,6 millionar potensielle lesarar, lyttarar og sjåarar, mot ei rekkevidde på 189 millionar i første kvartal. PR-scoren for perioden er på 2,6.

Styret viste til den store variasjonen i ADHD diagnosar mellom fylker. Det er også forskjellar på kommunenivå og ulik tilvisingspraksis.

Helseatlas på kommunenivå vil vere eit godt verktøy for å overvake tilvisings- og diagnostisk praksis på små geografiske område for å vise variasjon. Styret ønskja å sette søkelyset på arbeidet med å få fram talgrunnlag for variasjon i pasientbehandling mellom geografiske område.

Styret var uroa over dei negative budsjettavvika i Helse Stavanger og Helse Førde, og ba om tilbagemelding på effekt av tiltaka som blir sett inn i neste styremøte.

Styret merka seg også variasjonen i bruk av variabel løn i helseføretaka, og ønskja tilbagemelding på om alle helseføretak har bemanningscenter i drift.

Styret ønskja også ein kortare horisont på tala på utvikling heiltid, samt å få presentert ein oversikt over utvikling heiltid per yrkesgruppe. Styret ønskja også ein vurdering av om det er samanheng mellom sjukefråvær og heiltid/deltid.

### **Vedtak (samrøystes)**

1. Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. juli 2016 til etterretning.
2. Styret gir sin tilslutning til dei tiltaka som er satt i verk av Helse Stavanger, men peiker på at det truleg er nødvendig med ytterlegare tiltak for å nå prognosen for 2016, samt etablere eit godt grunnlag for kommande driftsår. Styret ber om at administrerande direktør har tett dialog med Helse Stavanger om resultatutviklinga. (Ny status i neste møte)

## **Sak 091/16 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 22.06.16**

### **Oppsummering**

Onsdag 22. juni 2016 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka i R5, Akersgata 59, Oslo.

Dagsorden for møtet:

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Endring av driftskredittramma
- Sak 4 Oppfølging av «Én innbygger – én journal»

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok protokollen frå føretaksmøtet 22. juni 2016 til etterretning.

## **Sak 092/16 Tilleggsdokument til Oppdragsdokument 2016 frå Helse- og omsorgsdepartementet, dagsett 30. juni 2016**

### **Oppsummering**

Helse Vest RHF har mottatt eit tilleggsdokument til oppdragsdokumentet for 2016 frå Helse- og omsorgsdepartementet (HOD), dagsett 30.06.2016. Tilleggsdokumentet inneheld nye krav innafor alle dei tre hovudområda i oppdragsdokumentet:

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
3. Betre kvalitet og pasienttryggleik

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok saka om tilleggsdokument til oppdragsdokument 2016 frå Helse- og omsorgsdepartementet til etterretning.

## **Sak 093/16 Utviding av låneramma til Helse Vest IKT AS 2016**

### **Oppsummering**

Styret i Helse Vest behandla i møte den 18/06-2015 sak 63/15 B Langsiktig finansiering av Helse Vest IKT. Det blei fatta følgjande vedtak:

1. *Styret godkjenner at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig låneramme med kr 45 mill. til totalt kr 628 mill.*
2. *Dei økonomiske vilkåra skal vere i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto.*
3. *Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som knyttar seg til investeringane.*

Helse Vest IKT har allereie nytta kr 623 mill. av den samla låneramma. I tillegg har det vore naudsynt å overføre totalt kr 90 mill. i a-konto frå RHF-et til Helse Vest IKT for å sikre framdrifta i aktuelle investeringsprosjekt. Desse a-konto utbetalingane må dekkast innfor ny låneramme.

Helse Vest IKT har med basis i likviditetssituasjonen samt framdrifta på investeringsprosjekta vurdert at dei har behov for å få auke langsiktig låneramme med kr 100 mill.

Samla langsiktig låneramme til Helse Vest IKT vil etter dette utgjere kr 728 mill.

#### Habilitetsvurdering

Administrerande direktør i Helse Vest RHF er styreleiar i Helse Vest IKT AS. Det at ein og same person innehar begge desse rollane inneber ikkje i seg sjølv at det oppstår nokon form for habilitetskonflikt for administrerande direktør når Helse Vest RHF skal behandla ei sak som gjeld Helse Vest IKT AS, jf. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Inhabilitet må eventuelt bli konstatert ut frå ein konkret vurdering der vurderingstemaet er om det i den aktuelle saka ligg føre omstende som er eigna til å svekke tilliten til administrerande direktør sin upartiskheit.

#### **Vedtak (samrøystes)**

1. Styret godkjende at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig låneramme med kr 100 mill. til totalt kr 728 mill.
2. Dei økonomiske vilkåra skal vere i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto.
3. Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som knyttar seg til investeringane.

#### **Sak 094/16 Honorar for varamedlem i revisjonsutvalet**

##### **Oppsummering**

Det blir i saka fremma forslag til honorar til varamedlem av revisjonsutvalet.

##### **Vedtak (samrøystes)**

1. Varamedlem til revisjonsutvalet får ei godtgjering på kr. 4.000,- per møte.
2. Samla godtgjering til varamedlem per kalenderår skal ikkje overstige den til ein kvar tid gjeldande sats for medlem til revisjonsutvalet.

## **Sak 095/16 Godkjenning av forvaltningsplanar for verna og freda eigedomar i Helse Bergen HF**

### **Oppsummering**

Styret i Helse Bergen har godkjend forvaltningsplanane for dei freda og verna anlegga og bygningane ved Haukeland Universitetssjukehus og ved Kysthospitalet i Hagavik som er freda av Riksantikvaren i medhald av kulturminnelova. For freda og verna eigedommar er det plikt til å utarbeida forvaltningsplanar. Desse planane trekkjer m.a. opp skiljet mellom kva som er «vanleg vedlikehald», som er tillat innan rammene som forvaltningsplanen trekkjer opp, og kva som ikkje er «vanleg vedlikehald», som krev godkjenning av Riksantikvaren.

For freda eigedommar skal forvaltningsplanane føreleggjast for Riksantikvaren før dei endeleg kan godkjennast og takast i bruk av helseføretaket. Forvaltningsplanane for dei freda anlegga i Helse Bergen har vore førelagd for Riksantikvaren. Styret i Helse Vest RHF har i sak 061/12B fastsett at helseføretaka sine forvaltningsplanar for freda og verna eigedommar skal leggjast fram for styret til endeleg godkjenning.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjende forvaltningsplanane for freda og verna anlegg ved Haukeland universitetssjukehus og ved Kysthospitalet i Hagavik.

## **Sak 096/16 Internrevisjonsrapport – Internkontroll i TSB-institusjonar**

### **Oppsummering**

Føremålet med revisjonen har vore å undersøkje om dei private TSB-institusjonane Helse Vest RHF har avtale med har etablerte kvalitetssystem som sikrar at tenesta oppfyller krava i forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstenesta.

Revisjonen har omfatta alle dei åtte avtaleinstitusjonane. Metodisk er det nytta dokumentanalyse av relevant dokumentasjon frå institusjonane og Helse Vest RHF. Det er gjennomført intervju med leiarar og tilsette ved både institusjonane og i Helse Vest RHF, samt gjennomført ein journalgjennomgang av tilfeldig utvalde pasientjournalar ved alle avtaleinstitusjonane.

Hovudkonklusjon i rapporten: Dei private TSB-institusjonane har etablerte kvalitetssystem som gir tiltru til at dei oppfyller krava i forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstenesta. Det ligg føre eit visst rom for forbedring knytt til innhald og praktisering, og til Helse Vest RHF si oppfølging.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som RHF-et og TSB-institusjonane sett i verk.

## **Sak 097/16 Administrasjonen si oppfølging av internkontroll i TSB-institusjonar**

### **Oppsummering**

Intern revisjonen (IR) har revidert dei åtte avtaleinstitusjonane som leverer teneste innanfor tverrfagleg spesialisert rusbehandling. På bakgrunn av revisjonen har IR gjeve administrasjonen fem tilrådingar.

Administrasjonen si vurdering og planlagde tiltak kjem fram i vedlagte matrise.

Administrasjonen vil drøfte funna og tiltaka med avtaleinstitusjonane i oppfølgingsmøter i løpet av hausten 2016. Avtaleinstitusjonane rapporterer til Helse Vest RHF 3 gonger per år med påfølgjande oppfølgingsmøter med administrasjonen. Tiltaka i vedlagte matrise vil inngå som ein del av ein årleg rapportering.

Styret peika særleg på at det i oppfølginga av TSB-institusjonane må sikrast at pasientane som har behov for det får utarbeidd ein individuell plan, og at det er dokumentert i pasientjournalen at behovet for ein slik plan er utgreidd.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret ber RHF administrasjonen:

- følgje opp tilrådingane frå internrevisjonen som står i «Internkontroll i TSB-institusjonar».
- sørge for at avtaleinstitusjonane innanfor tverrfagleg spesialisert rusbehandling følgjer opp tiltaka som administrasjonen pålegg

## **Sak 098/16 Internrevisjonsrapport - Planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekt i føretaksgruppa**

### **Oppsummering**

Føremålet med revisjonen har vore å stadfeste at helseføretaka si planlegging av nye sjukehusbygg er tilstrekkeleg og hensiktsmessig for å kunne realisere forventa gevinstar.

Revisjonen har omfatta Helse Vest RHF, Helse Stavanger HF, Helse Fonna HF, Helse Bergen HF og Helse Førde HF. Metodisk er det nytta dokumentanalyse av relevant dokumentasjon frå helseføretaka og gjennomført intervju med leiarar og andre tilsette.

Hovudkonklusjon i rapporten: Føretaka er i ferd med å leggje eit godt grunnlag for realisering av forventa gevinstar i høve til planlegging og oppføring av nye sjukehusbygg.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret slutta seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka set i verk.

Styret ser dette arbeidet som spesielt betydningsfullt i lys av dei omfattande planane som er under utarbeiding i alle føretak i Helse Vest.

## **Sak 099/16 Kommenterar til rapport frå internrevisjonen – planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekt**

### **Oppsummering**

Internrevisjonen i Helse Vest RHF har gjennomført eit revisjonsprosjekt med formål å stadfeste at helseføretaka si planlegging av nye sjukehusbygg er tilstrekkelig og hensiktsmessig for å kunne realisere forventa gevinstar. Hovudkonklusjonen i rapporten er at helseføretaka er i ferd med å leggje eit godt grunnlag for realisering av forventa gevinstar i høve planlegging og oppføring av nye sjukehusbygg.

Helse Vest vil ta initiativ til at det blir utarbeidd ein felles regional policy for korleis helseføretaka skal arbeide med gevinstrealisering knytt til utbyggingsprosjekt.

Styret peika særleg på viktigheita av eit tett og nært samarbeid med Sykehusbygg HF, samt at det i dei store byggeprosjekta må vere fokus på organisasjonsutvikling og planlegging av gevinstar frå tidleg i planleggingsfasen.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tar administrasjonen sine kommentarar knytt til revisjon av planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekt til orientering og ber om at rapporten blir følgd opp i samsvar med saksførelegget.

## **Sak 100/16 Intern beredskapsplan for Helse Vest RHF**

### **Oppsummering**

Helse Vest RHF har revidert den interne beredskapsplanen for RHF-et. Den interne planen er revidert i tråd med Regional helseberedskapsplan for Helse Vest 2016-2018, som blei vedteke av styret i Helse Vest RHF i september 2015.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok saka til orientering.

## **Sak 101/16 Halvårleg rapportering på mål og krav i oppdragsdokument og føretaksprotokoll per 15. juni 2016**

### **Oppsummering**

Helse Vest RHF har med innspel frå helseføretaka utarbeidd ein halvårleg rapport på krava som er stilte i Oppdragsdokumentet og i føretaksprotokollen frå Helse- og omsorgsdepartementet for 2016. Rapporten synleggjer at Helse Vest i hovudsak rapporterer god framdrift per 15. juni 2016.

Arbeidet med ein samla gjennomgang av psykisk helsevern i Helse Vest har starta, styret vil bli fortløpande orienterte om status og framdrift i arbeidet.

Det regionale arbeidet med å sikre felles rutinar for registrering av bruk av tvang innan psykisk helsevern er no i slutfasen. Styret vil komme tilbake til dette i neste styremøte.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok saka til orientering.

## **Sak 102/16 Kvalitetsbasert finansiering**

### **Oppsummering**

Saka inneheld ei orientering om kvalitetsbasert finansiering.

Kvalitetsbasert finansiering (KBF) blei innført januar 2014 som ei treårig forsøksordning for spesialisthelsetenesta. Forsøket er forankra i St.meld. 10 (2012-2013) God kvalitet – trygge tenester. Målet med forsøket er å teste ut ei finansieringsordning som ikkje berre stimulerer til auka aktivitet, men også stimulerer til beste praksis og høg kvalitet.



Midlane i KBF ordninga blir fordelt til RHF-a gjennom statsbudsjettet. RHF-a står fritt med tanke på korleis dei vil fordele midlane vidare, men Helse Vest har valt ei løysing der ein fordeler midlane direkte ut til føretaka utan noko omrekning.

KBF skal være eit supplement til gjeldande finansieringsordningar retta mot RHF. Andelen kvalitetsbasert finansiering vil vere låg i forsøksfasen, men omfang og innretning vil kunna justerast med utgangspunkt i erfaringane som blir gjort. Ei permanent ordning vil baserast på erfaringar frå forsøket og vil ikkje gjennomførast før det er gjort ei evaluering nasjonalt. Total blir 0,4 % av total basisramme fordelt gjennom KBF ordninga. Dei økonomiske utslaga av ordninga er difor i forsøksperioden små.

Styret peika på dei store forskjellane mellom regionane når det gjeld kjølebehandling av barn etter fødsel. Styret ønska ei orientering om kva som ligg til grunn for denne variasjonen og om det er behov for å nytte denne behandlinga oftare i Helse Vest.

#### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok saka om kvalitetsbasert finansiering til orientering.

### **Sak 103/16 Statens eierberetning 2015**

#### **Oppsummering**

Nærings- og fiskeridepartementet har publisert dokumentet "Statens eierberetning 2015". Dokumentet gir ein oversikt over staten sitt direkte eigarskap og omtalar mellom anna selskapa si utvikling og viktige hendingar siste kalenderår.

#### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok «Statens eierberetning 2015» til orientering.

### **Sak 104/16 Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 04.04.2016**

#### **Oppsummering**

Revisjonsutvalet i Helse Vest RHF hadde møte 4. april 2016.

Styret blir orientert om revisjonsutvalet sitt fortløpande arbeid gjennom protokollane. Denne protokollen vart godkjent av utvalet 17. juni 2016.

#### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok protokollen frå møte i revisjonsutvalet 04.04.2016 til orientering.

### **Sak 105/16 Eventuelt**

- **Varslingsrutinar ved infeksjonar i sjukehus**

Styret blei informert om varslingsrutinar ved utbrot av infeksjonar/smittefare i sjukehus. Varsling skjer i samsvar med varslingsrutinar i beredskapsplanen.

- **Framdrift for avgjerd om etablering av protonsenters**

Innstilling frå dei 4 RHF-a er levert til Helse- og omsorgsdepartementet. Plassering og antall protonsenters er ikkje avklart enno.

- **Framdrift for vurdering om ny organisering av sjukehusapoteka**

Dei 4 RHF-a gjennomgår organiseringa av sjukehusapoteka og vurderer om heile eller deler av selskapa bør organiserast i ein felles juridisk eining. Rapporten frå arbeidet er venta å vere klar i slutten av september.

Styret ønskja ein oppdatert orientering om status i arbeidet i neste styremøte.

- **Verksemdsoverdraging av tilsette frå Helse Vest Innkjøp HF til Sykehusinnkjøp HF**

Det er etablert eit regionalt prosjekt for å førebu overføring av tilsette frå Helse Vest Innkjøp til Sykehusinnkjøp HF. Ressursane frå Helse Vest skal framleis ha ansvar for innkjøpstenester til helseregion Vest. Etter planen skal ressursane overførast frå desember 2016.

Styret vil bli vidare orienterte om prosessen i neste styremøte.

- **Deltaking på Helse 2030 storsamlingane**

Styremedlemmene deltek på storsamlingane i føretaket der dei bur.

### **Skriv og meldingar**

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

Møtereferat frå Regionalt brukarutval 12.05.2016

Torunn Nilsen

07.09. 2016

---

Terje Vareberg	Styreleiar
----------------	------------

---

Lise Reinertsen	Nestleiar
-----------------	-----------

---

Ohene Aboagye	Medlem
---------------	--------

---

Gunnar Berge	Medlem
--------------	--------

---

Tone Berentsen Steinsvåg	Medlem
--------------------------	--------

---

Olin Johanne Henden	Medlem
---------------------	--------

---

Bente Sissel Pilskog	Medlem
----------------------	--------

---

Lise Karin Strømme	Medlem
--------------------	--------

---

Tom Guldhav	Medlem
-------------	--------